

Referat elevrådsmøte 25.april

Sak 24- 17/18

Hopp for hjarte

3-7.kl er med, elevrådet oppmodar alle til å delta.

Sak 25- 17/18

Rydding av leikar, informasjon i klassane.

Elevrådet går inn i klassane 1-4 og informerer om korleis me vil ha det. 5-7.kl vart informert av elevrådsrepresentantane i klassen.

- Alle skal rydde opp etter seg. Om ein ikkje vil leike meir med noko skal det leggjast på plass. Om du vil fortsetja neste friminutt kan du det, men om du ombestemmer deg må du hugse å rydde før du byrjar med ein ny leik. Om det er mykje å rydde begynner de 5.min før siste time, det er ein vaksen ute som kan hjelpe å minne om tida. Om det er mykje som er grisete og full av gjørme kan ein få ut ei bøtte med vatn til å skylja i. Når ein lagar sølekaker skal ein vera borte ved muren slik at ikkje benkane vert skitne. Når ein brukar benkane skal ein ikkje stå eller hoppe på bordplata, eller ha beina på setet. Då slepp me bli skitten i baken når me skal sitje rundt bordet. Hugs å setje syklane frå dykk på sykkelparkeringa etter bruk.

Sak 26- 17/18

Aktivitetsplan resten av skuleåret.

4.mai Nasjonal songdag

8.mai Tinstafett 5-7.trinn

11.mai Fjelltur for heile skulen

14.mai Ryddedag

16.mai sykkeldag for 5-7.trinn

19. juni 7.kl arrangerer aktivitetsdag for resten av skulen.

21.juni SOMMARFERIE

Sak 27- 17/18

Saker frå klassane.

Elevane ynskjer å bruka fleire nettsider i datafriminutt.

5-7. trinn ynskjer at ein av gymfriminutta i veka skal vera til Blitz og politi.

Referent Bjørghild